
Fra: Aksel H. Holdhus <aks-hus@online.no>
Sendt: 22. januar 2019 13:08
Til: martin@byggadmin.no
Kopi: Helle H. Bruland
Emne: Reguleringsplan på Holdhus
Vedlegg: IM3519~1.PDF

Til Byggadministrasjon Harald Bjørndal a/s
v/ Martin Tveitnes

Eg viser til innsendt brev datert 04.10.2018 og møte den 03.01.2019.

Underteikna har fremja sitt syn i saka og held fast ved standpunktet om at her er manglande grunnlag for vidare utviding i høve parkering og rundkøyring, både i sørleg og nordleg del av tiltenkt reguleringsplan. Forslag til små tiltak med opprusting og vedlikehald av eksisterande P-plass og sti ned til Gamlekyrkja står framleis ved lag.

Som tidlegare nemnt vil eventuelle nye område for utbygging råka matjord og skapa evigvarande sår i landskapet. Vedlagt følgjer skriv frå leigetakar av landbrukseigedomen til underteikna. Kartet syner at Holdhus-bygda er ein del av *kjerneområdet* for landbruk i Fusa kommune. For nokre år sidan vart det òg sendt uttale frå fleire grunneigarar i spørsmål om mellom anna konsekvensutgreiing.

Elles er det verd å minna om den skriftlege avtalen mellom Fusa kommune og grunneigar i høve servicebygg på staden.

For nokre år sidan vart det laga ei skisse til omlegging av kommunal veg i området ved kyrkja. Denne er meint som eit alternativ til tidlegare forslag, noko som nære naboar har gjeve si tilslutnad til. Grunnavståing i samband med dette kan gjerast til dels vederlagsfritt frå grunneigar si side. Pr. dags dato er det ikkje kome noka skriftleg tilbakemelding på dette.

Venleg helsing
Aksel H. Holdhus
grunneigar Gnr.Bnr. 48/1 og 23

Kopi til Fusa kommune v/ Helle Holte Bruland